

REGLAR FOR INNTAK VED ULVESTAD BARNESKULE

§1 Generelt

Opptak av elevar ved Ulvestad barneskule skal vere i samsvar med Privatskulelova, Forvaltningslova og dei reglar for opptak som styret ved skulen har vedteke.

§2 Inntak av elevar

I tråd med Privatskulelova §3-1 vil Ulvestad barneskule vere open for alle grunnskuleelevar i barneskulen så langt konsesjonen gjev høve til dette.

Elevar som allereie går ved skulen beheld plassen til og med 7. klasse, og skal ikkje søkje på nytt kvart år.

Dagleg leiar og styret ved skulen avgjer kor mange elevar som kan takast inn ved skulen det enkelte skuleår i samsvar med kapasiteten ved skulen.

Dersom det vert fleire søkjarar enn det er plass til, skal ein utføre inntaket etter fylgjande prioritering:

1. Born busette i Ulvestadbygda og Velsvik krins.
2. Born med syskjen som allereie er elevar ved skulen det aktuelle skuleåret.
3. Born av tilsette ved skulen.
4. Dersom born stiller likt etter reglane ovanfor, skal rekkjefylgja avgjerast ved loddtrekking.

Vedtak om inntak til skulen er eit enkeltvedtak og kan klagast inn til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

§3 Kunngjeringar

Innan 15. februar kvart år skal informasjon om inntak for komande skuleår offentleggjerast i eigna aviser.

Kunngjeringa skal gje naudsynte opplysningar om søknadsfrist og kva klassetrinn det kan søkjast for.

Søknadsfristen skal vere 1. mars kvart år, eller dersom dette ikkje er ein normal yrkedag, den fyrste yrkedagen etter 1. mars.

§4 Gjennomgang av søknadane

Når søknadsfristen er ute skal styreleiar og dagleg leiar i fellesskap gå gjennom dei innkomne søknadane og leggje fram ei skriftleg tilråding om inntaket for resten av styret. I tillegg skal det leggjast fram ei tilråding om prioritert venteliste (sjå §6). Styreleiar kan peike ut ein annan frå styret til å ta del i dette arbeidet. Endeleg vedtak om inntak vert gjort av styret.

§5 Melding om opptak – fristar

Dagleg leiar melder frå om inntaket til søkjarane på bakgrunn av vedtak i styret. Melding om inntak eller plass på prioritert venteliste skal finne stad innan seks veker etter søknadsfristen. Søkjarane har ein frist på tre veker til å svare på tilbodet.

Styreleiar melder frå om inntaket ved Ulvestad barneskule til dei aktuelle heimkommunane til elevane innan ei veke etter at opptaket er avslutta.

§6 Prioritert venteliste

Er det fleire søkjarar enn plassar ved skulen skal ei prioritert venteliste setjast opp for dei som ikkje får plass i fyrste runde, jf. §2. Denne lista skal nyttast viss ein eller fleire av elevane som får tilbod om opptak ikkje nyttar seg av plassen ved skulen.

Dersom det i løpet av skuleåret vert ledig plass ved skulen, skal den prioriterte ventelista nyttast.

I særlege tilfelle kan denne fråvikast etter vurdering av styret og dagleg leiar.

§7 Endring av reglane

Endring av reglane for inntak ved Ulvestad barneskule kan gjerast av generalforsamlinga i selskapet som eig skulen i tråd med Privatskulelova, Forvaltningslova og selskapet sine vedtekter.

Endring i opptaksreglane kan ikkje gjerast undervegs i inntaksprosessen.